



## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referansar:

Dykker:

Vår: 15/2269 - 15/23212

Saksbehandlar:

Nils Kaalaas

NIK@lindas.kommune.no

Dato:

02.07.2015

## Søknad om bygging av landbruksveg/bakkeplanering gnr 126 bnr 2,4 Hope

Lindås kommune har motteke søknad om bygging av ein 1273 meter lang landbruksveg vegkl 3 på gnr 126 bnr 2,4 Hope i Lindås. Av søknaden går det fram at vegen vil ha 40% nytte for skogbruk og 60% nytteverdi for drift av jordbruksareal. Dekningsområdet er på totalt 320 dekar. Det er ikkje oppgjeve kostnad med bygging av vegen, men transportgevinsten er utrekna til 1.460.000 kroner. Med ein normal kostnad på bygging av veg vil nok transportgevinst og kostnad med bygging av vegen koma på om lag same prisen.

Landbrukskontoret i Lindås vil då vurdera å nytta Forskrift om bygging av landbruksveier for å godkjenna bygging av denne vegen.

I søknaden som er utarbeid av FanAgro A/S ligg det og ved ein plan om bakkeplanering på eit areal som i gardskartet er klassifisert som overflate- dyrka/gjødsla beite på 70 dekar. Frå landbrukskontoret i Lindås har ein valt å sjå dette i samanheng då søknadane er knytt opp mot kvarandre, så vil det vera naturleg å handsama dette som ei sak.

Bakgrunn for dette, er at det no går føre seg eit arbeid med å tilrettelegga meir areal for industri på Mongstad og det då må masseutskiftast eit forholdsvis stort areal.

Jordbruksverdien slik vi kjenner saka, så er den knytt opp mot å ta i mot jordmassane frå denne utbygginga som elles kunne koma til å gå på jordtippar og ikkje koma jordbruket til nytte.

Bnr 2 og 4 er eit av dei best utbygde landbrukseigedomane i Lindås og med å få auka fortigang, vil ein få styrka bruket ytterlegare. Landbrukskontoret vil her nytta forskrift om bakkeplanering slik at vi kan få fortgang i saka og kunna nytta massane når dei no vert tilgjengelege. Arealet er svært godt eigna då det ikkje er vatn, elvar eller bekkar i nærleiken.

Når det gjeld fornminne så har det slik vi kjenner området i samband med diverse utbyggingar på Mongstad vore arkeologiske undersøkingar av området, og slik planen ligg føre, så er dei funn som

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



er registrerte teke omsyn til. Når det gjeld biologisk mangfald, kulturlandskap m.m så kan ein ikkje sjå at det her er registreringar som vil koma i konflikt med tiltaket.

Lindås kommune ved landbrukskontoret har som intensjon å handsama denne søknaden etter både etter Forskrift om bygging av landbruksveier, og bakkeplaneringsforskrifta.

Ber om at eventuelle merknader er oss i hende innan 03. august 2015.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7900  
Postboks 7310

5020  
5020

BERGEN  
Bergen